

Frode Løndal  
Osterfjordvegen 1283  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4343 - 23/74711

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)

Dato:  
26.09.2023

## **Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 214/73 Fyllingsnes**

**Tiltak:** dispensasjon - oppføring av naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/73  
**Tiltakshavar:** Frode Løndal  
**Ansvarleg søkjar:** Kålås Bygg As

Klagen fra Statsforvaltaren i Vestland vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 20.09.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 129/23 Vedtak:

Klagen fra Statsforvaltaren vert ikkje teken til følgje og tidligere vedtak frå APM vert opprethalde med følgjande tilleggsopplysning. Det er i dag utbygd på begge sider av tiltaket med både naust og rorbu og dette tiltaket vil kun virka fortettande og vil ikkje føre til ytterligare privatisering.

Arealet ligg på ei fylling langs kommunevegen i ei bratt skråning. Området har ikkje kvalitetar som funksjonell strandområde.

APM gir dispensasjon då omsynet bak føresegna det vert dispenseset ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tidligare vedtak frå APM

Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 frå byggegrense mot sjø og frå arealføremålet LNF for å føre opp eit naust med kai og båtopptrekk som omsøkt på gbnr 214/73 Fyllingsnes.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Omsøkt stad er for lengst bygd ut med kai/ bryggje og ligg tett inntil andre allerede utbygde naust. Eit ytterligare naust med ny kai og båtopptrekk på omsøkt stad vil ikkje verka privatiserande. Vidare ligg tomta heilt inntil kommunevegen, i ei bratt skråning ned mot kaien/ bryggja.

Utval for areal, plan og miljø kan ikkje sjå at interesser knytt til landbruk, natur, miljø og friluftsliv vil verta negativt påverka av omsøkt tiltak.

Utval for areal, plan og miljø meiner difor at omsyna gjeve i kommuneplanen sin arealdel og for byggje-og deleforbodet i 100 metersbeltet gjeve i pbl sin § 1-8 ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for.

Det er difor utvalet si vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er klart større enn ulempene. Etter ei samla og konkret vurdering finn difor utvalet at vilkåra for å gje dispensasjon for omsøkt naust med kai og båtopptrekk er oppfylt.»

Vedtaket av 15.03.2023 har følgjande ordlyd:

«Klagen på avslag vert teken til følgje og tidlegare vedtak i saka av 11.09.2022 vert oppheva. Det vert gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 frå byggegrense mot sjø og frå arealføremålet LNF for å føre opp eit naust med kai og båtopptrekk som omsøkt på gbnr 214/73 Fyllingsnes.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Omsøkt stad er for lengst bygd ut med kai/ bryggje, og eit naust med ny kai og båtopptrekk på omsøkt stad vil ikkje verka privatiserande. Vidare ligg tomta heilt inntil kommunevegen, i ei bratt skråning ned mot kaien/ bryggja.

Utval for areal, plan og miljø kan ikkje sjå at interesser knytt til landbruk, natur, miljø og friluftsliv vil verta negativt påverka av omsøkt tiltak.

Utval for areal, plan og miljø meiner difor at omsyna gjeve i kommuneplanen sin arealdel og for byggje-og deleforbodet i 100 metersbeltet gjeve i pbl sin § 1-8 ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for.

Det er difor utvalet si vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er klart større enn ulempene. Etter ei samla og konkret vurdering finn difor utvalet at vilkåra for å gje dispensasjon for omsøkt naust med kai og båtopptrekk er oppfylt.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Statsforvالتaren i Vestland ved Settestatsforvالتaren for endeleg avgjerd.

Vi gjer merksam på at Statsforvالتaren i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er mellom ein og tre månader. I tillegg kjem saksbehandlingstida hos Settestatsforvالتaren.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Klage på dispensasjon for oppføring av naust med etablering av kai - 214/73 Fyllingsnes  
Uttale til klage - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Klage på vedtak - gbnr 214/73 Fyllingsnes - oppføring av naust - dispensasjon  
Klage på avslag på søknad og dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Klage på avslag på dispensasjon - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Foreløpig klage på avslag - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Avslag på søknad om oppføring av naust - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Dispensasjonssøknad  
Situasjonsplan\_D02\_Snitt sit.plan nytt naust Gbnr 214-73 Fyllingsnesvegen.pdf  
Situasjonsplan\_D03\_Eksisterande situasjon Gbnr 214-73 Fyllingsnesvegen.pdf  
Tegning ny fasade\_E02-102 Fasader.pdf  
Tegning nytt snitt\_E01-101 Plan og Snitt.pdf  
Uttale - gbnr 214/73 Fyllingsnes - oppføring av naust - dispensasjon  
Uttale - gbnr 214/73 Fyllingsnes  
Situasjonsplan nytt naust Gbnr 214-73 Fyllingsnesvegen.pdf  
Referat Førehandskonferanse Gbnr 214-73 Fyllingsnes.pdf

**Kopi til:**

Frode Løndal	Osterfjordvegen 1283	5913	EIKANGERVÅG
Kålås Bygg As	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Frode Løndal	Osterfjordvegen 1283	5913	EIKANGERVÅG
Kålås Bygg As	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG